

LOV OG EVANGELIUM

Oppbyggelig blad gitt ut av Norsk Luth. Lekmannsmisjon

Nr. 1

Januar 1979

15. årgang

Eg armē menneske? Kven skal fri meg frā denne dødens lekam?

(Rom. 7, 24)

Dette ordet kom i tankane mine etter ein samttale. Etter talen på ei foreining vart ordet gjøve fritt, og som det ofte er, diverre, så var de få som hadde noko å seia om sin frelsar. Då var det ei som sa : «Det er merkeleg at det skal vera så vanskeleg å seia noko om Jesus og det som har med livet i Gud å gjera, me som har så lett for å tala om andre ting.»

Denne erfaringa er vel ikkje ukjend for nokon av oss. At det er slik for eit verdsleg og ufrelst menneske, det kan me forstå, og det undrast me ikkje over. Men at det er slik for oss som er frelst og har lært Jesus å kjenna, som lever i trua på han, det blir ikkje berre årsak til undring, men også til mykje sorg og smerte og tvil på at me kan vera eit rett Guds barn.

Og det er vel ikkje rart at me som så gjerne ville seia noko godt om Jesus, me finn det så vanskeleg og blir så fāmelte så snart det er høve til å vitna om han, og som er så ordrike når det er tale om menneskelege og verdslege ting, at me spør om dette kan vera rett, om ein slik verkeleg kan leva med Gud. For våre tankar synest det heilt urimeleg, eller i alle fall uforståeleg. Men det er ein kjennsgjerning me ikkje kan koma utanom. at slik er me og slik har me det som oftast.. Eg for min del har nå levt med Gud i 40 år, men lyt framleis erkjenna at det er like vanskeleg framleis. -

Når samtalen går om menneskelege og verdslege ting renn orda lett over tunga, men når ordet blir gitt fritt eller samtalen kjem inn på åndelege ting, blir eg som Moses klaga for å vera både fāmelt og tungmelt. Og all den anfekting og lidning det har blitt årsak til gjennom åra, kan eg vanskeleg gi uttrykk for i ord.

Det første spørsmålet som melder seg er : Kan ein som har det slik, verkeleg vera frelst og leva med Gud? Til det trur eg me kan svara ja ut frā Skrifta sitt vitnemål. Me treng ikkje gå lenger enn til ordet vårt frā Rom. 7, så ser me at Paulus hadde det på same måten. Les det med ettertanke, hør og tenk over det de høyrer, sa Jesus til sine. Og om min tanke og erfaring frā eige liv, og det eg har sett hjå andre har noko betydning, så trur eg at det går ikkje an å leva i trua på Jesus utan å sjā og kjenna på dette arme og elendige menneske, som skaffar oss så mykje lidning og sorg og åndeleg fatigdom. Det høyrer med til livet i trua på Jesus, og vil fylgja oss så lenge me bur i denne jordiske hytta.

Det andre spørsmålet er : Kva er årsaka til at det er slik, eller kvifor er det slik? I ein kristens liv er det mykje viktig at me veit og ser kva som er årsaka, og kvifor det er slik, at me ser at det høyrer med til eit normalt trues liv eller gudsliv.

Når så mange sit bundne og har så van-

skeleg for å vitna om Jesus, så trur eg det for ein stor del kjem av manglende lys over det. I sitt indre menneske har dei «sin lyst i Guds lov», og ville så gjerne seia noko godt om Jesus som dei elskar, men så ser dei på seg sjølv korleis dei er, kjem i tvil på om dei kan leva med Gud slik dei er, og dei misser synet på Jesus og dermed krafta til å vedkjenna seg han og vitna om han.

Bibelens svar på spørsmålet om årsaka

Det finn me i Paulus sitt vitnemål her i Rombrevets sjuande kapittel.

Paulus seier at han har si gleda i Guds lov etter *sitt indre menneske, men i lemene mine* ser eg ei onnor lov, som strider mot lova i hugen min og gjer meg til ein fange under syndelova, den som er i lemene mine. Eg arme menneske! kven skal fria meg frå denne dødens lekam?

Her ser du årsaka til at du er slik du er, til at du har så lett for å tala om det menneskelege og verdslege, men så vanskeleg for å tala om Jesus. I det huset der du bur, er det to menneske, den gamle Adam som har butt der sidan du blei født til verda og som synest han har største retten som har butt der lengst, og det nye menneske som flytta inn då du kom til trua på Jesus. Desse to kjem aldri ut av det med kvarandre, for dei er så ulike, og ligg i stadig strid med kvarandre. Det vitnar Paulus om i Galat. 5, 13-26.

Guds ord seier at du som er frelst ved trua på Jesus, du blir ein framand og utlending på jorda (Hebr. 11, 13), men du blir også ein framand og utlending i ditt eige hus, i din eigen lekam, det gamle menneske har mykje vondt å seia om inntrengjaren som vil vera så mykje betre enn han som bur der frå før, ein mykje vanskeleg person å leva under same tak med. Men det er Gud som har gjort det slik, og for oss er det eit stort under, til sorg og til gleda, til hinder og skade, men og til stor nytte om det blir som Gud har tenkt.

Det er til stor nytte at me lærer å kjenna både oss sjølle og dei me skal bu i hus med, at me ser på dei med rette augo og høyrer med rette øyro på det dei seier. Så lat oss prøva sjå på dei slik Bibelen ser dei.

Mitt indre menneske, det nye menneske

Det er frå himmelen, gått ut frå Gud, med Guds sinn og natur, er reint og rettferdig og utan synd, det er likt Jesus vår eldste bror. Det er unfanga og født av Gud, ved Guds ord, av uforgjengeleg sæde, og kan ikkje synda av di det er født av Gud (1. Johs. 3, 8-9), det er frå himmelen, har sitt rike i himmelen, og skal tilbake til himmelen, det skal aldri døy då det er fri frå synda og dødens makt.

Det blei født inn i deg den dagen du kom til trua på Jesus, den dagen du ved Guds Ånd og ord fekk Jesus openberra for ditt hjarta slik at du såg Guds frelse som han har skipa til for alle folk, såg og trudde på Jesus. Med andre ord kan me seia at dette nye menneske er Jesus, som ved trua på Jesus og evangeliet om han, flytta inn i ditt hjarta og liv. Det førde til at du blei ein ny skapning, det gamle var forgjenge, sjå alt blei nytt. Ikkje slik å forstå at det gamle menneske var blitt nytt og blei forte, nei det er som før, kjennest som før, tenkjer og talar som før. Men Jesus har teke det bort frå Gud, da han gjorde det til inkjes på krossen (Rom. 6, 6). Alt er blitt nytt fordi Jesus er født inn i ditt hjarta og liv, du er derved blitt ein ny skapning for Gud, og også her på jorda er du ein ny skapning. Du eig Guds ånd, ved dei dyraste lovnader har du fått del i Guds natur så du flyr frå den tyning i verda som kjem av lysta, du har fått del i Jesu Kristi sinnelag, eitt nytt hjarta ved sida av det gamle der Guds lov er innskriven, ikkje med penn og blekk men ved den Heilage Ande, eitt nytt syn på deg sjølv, på Jesus og evangeliet, på Gud og hans ord, og nytt syn på dine medmenneske.

Bladet Lov og Evangelium

Bladet blir sendt gratis til alle som sender eksp. namn og adr. Bladet blir halde oppe av frivillige gäver.
Eksp.: M. Skumenes, Horneland ,5400 Stord. Postgiro : 5 42 88 75

Alt som har med bladet sin eksp. blir sendt dit, som tingling, oppsæiling, adresseforandring og gäver til bladet.

Red. Amund Lid, post 5600 Norheim-sund, og telf. (055) 51080.

Norsk Luthersk Lekmannsmisjon

Form.: Leif Øygarden, 3766 Sannidal
Tlf. Kragerø (036) 83117
Kass.: Sverre Bøhn, 5601 Norheim-sund. Postgiro: 5 68 21 33. Bankgiro :
Vikøy Sparebank 3530.21.00932

Når du nå ser at Jesus, det nye menneske i deg, skal bu saman i eitt hus, i ein lekam, med deg og meg og det me er av naturen, så er det ikkje å undrast over at der blir vanskar og konfliktar.

Etter ditt indre eller nye menneske har du di lyst i Guds lov. Du ville så gjerne vera og gjera det Gud vil, men du kjenner deg hemma av noko hjå deg som ikkje vil det Gud vil, som ikkje søker Guds æra men eiga æra og anseelse. Ditt nye menneske er med og syng med Jesper Krogdal: «Eg ville gjerne eiga ei tru så sterk og stor -, eg ville gjerne kjenna ein fred så djup og still -, eg ville gjerne eiga ein kjærleik stor og varm, som kunne varma andre som frys i ha tog harm -, eg ville gjerne leva eit liv som likna hans, eg ville gjerne lysa med litt av same glans - men om det lite luk-kast, så har eg ennå von : Mitt liv det er i Kristus den levande Guds Son». (songb. 421) Her er det det nye mennesket som lever og

syng, det som er født av Gud. Viljen har eg til å gjera det gode, men gjera det gode vinn eg ikkje. Så finn eg den lova for meg, eg som vil gjera det gode, at det vonde ligg meg for handa, klagar Paulus (Rom. 7, 16-25).

Når du nå har funne fram og lese 7. kap. i romerbrevet, er det ikkje som om du sjølv skulle skrive det ut frå di eiga erfaring? Slik er det å leva med Gud i trua på Jesus Kristus. «Men gjer eg det som eg ikkje vil, så er det ikkje lenger eg som gjer det, men synda som bur i meg», seier Paulus. Lat oss så sjå litt på den som bur i oss, det gamle eller naturlege menneske, kjøtet, synda som bur i meg, som er nokre av dei namna Skrifta brukar på

Dette elendige menneske

Det var og ein gong skapt og født av Gud, og åtte Guds liv og Ande i seg, den fremste av alle Guds skapningar på jorda. Men det fall frå Gud, blei røva frå Gud ved Satan si forføring, kom inn under synda og døden si makt, og fekk del i satan sitt sinn og natur. Det naturlege menneske er frå jorda, det er sjølvisk og elskar synda og verda, det er og blir vantru, trur på seg sjølv, på verda, på løgna og djevelen, men trur ikkje på Gud og hans ord, det elskar seg og sitt og sine, søker eiga ære og eiga vinning, det er fylt av begjær og får aldri nok, tilber skapningen framfor skaparen, tilber eigen viten, forstand og intelligens og eigne gjerningar, set si eiga ære i si skam, emnar på vondt frå sin ungdom av o.s.v.

Skrifta gjev oss eit rystande, men sannferdig bilet av mennesket: «For folk skal då vera sjølvkjære, pengekjære, storordige, stormodige, spottesame, ulydige mot foreldre, utakksame, vanheilage, ukjærlege, upålitande, baktalande, umåtelege, umilde, utan kjærleik til det gode, svikfulle, framfuse, ovmodige, slike som elskar lystene sine meir enn Gud, som har skin av guds frykt (kristendom), men fornekta hans kraft (det vil seia Jesus og

evangeliet om han som leid på krossen for oss). (2. Timot. 3, 2-5).

Passar dette bilete på deg? Så sant du er fødd av Gud og eig det nye liv i trua på Jesus, så ser og erkjenner du at slik er du. Alt dette finn du hjå deg, i ditt hjarta, sinn og tanke, i den lekamen du bur i og lever i. Steig du over det, eller for over det med ein harelabb, er det fare for at du ikkje er fødd av Gud. Eller om du fann noko du synest at du er fri for, så kjem det nok av at Gud har ikkje fått deg inn i lyset slik at du kjenner deg sjølv heilt ut.

Kven du så er, vil eg gi deg det råd at du tek ord for ord føre deg og tenkjer vel over om du ikkje finn det hjå deg sjølv. Jakob talar om ein mann som skoda sitt naturlege andlet i Guds spegel og gjekk bort og gløymde korleis han såg ut. For oss er det livsnødvendig å sjå oss i Guds spegel, både vårt naturlege andlet og det nye menneske som er født av Gud i Kristus Jesus.

Dette vonde og naturlege menneske er og blir slik til sin død, og om du ikkje er eller blir frelst, blir det slik til evig tid. Ved påvirkning av Gud og andre menneske, eller om det sjølv ser at der er noko å vinna ved det, så kan det tilsynelatande bli ganske forandra, bli godt og rettferdig og eiga menneske- og næstekjærleik og synast gudfryktig. Men i sin «bund og grunn» er dei slik Guds spegel viser oss at me er.

Og er du frelst og ein ny skapning inne for Gud, og i deg sjølv ved at Kristus og hans ånd er født inn i deg, så kan du ikkje jaga bort leigebuaren som bur i deg. Han vil fylgja deg som skuggen, og alltid minna deg på kven du er, og han er alliert med djevelen. *Det må du aldri gløyma*, at det er djevelen og hans allierte kjødet som talar gjennom den lov du finn i lemene dine, som Paulus talar om her i Rom. 7. Det avgjerande er kven sitt vitne-mål me lyttar til, anten kjødet eller Anden og Ordet. Dei som er slike at dei let kjødet rå-

da, dei trår etter det som hører kjøtet til, for lever de etter kjøtet skal de døy (Rom. 8, 5, 13). Men dei som let Anden råda, trår etter det som Anden trår etter — etter liv og fred. (Rom. 8, 5-9 og 13-14). Kven skal fri meg frå denne dødens lekam?

Gud vere takk ved Jesus Kristus, vår Herre

«For så elskar Gud verda, at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal verta fortapt, men hava evig liv. - For Gud sende ikkje Son sin til verda så han skulle døma verda, men så verda skulle bli frelst ved han». (Johs. 3, 16-17).

«Men då tida var fullkommen, sende Gud Son sin, fødd av ei kvinne, fødd under lova, så han skulle kjøpa dei frie som var under lova, så me skulle få barneretten. Og av di de er søner, har Gud sendt inn i hjarto våre sin Sons Ande, som gjer at me ropar: Abba Fader!» (pappa, Far.) (Galat. 4, 4-6).

Skrifta vitnar vidare at Jesus blei gjort til synd for oss, så me skulle bli rettferdige for Gud i han (2. Korint. 5, 21, at han er ei soning for verda si synd, for han ofra seg sjølv for oss ved å gi sitt liv og blod, og har med eitt einaste offer for alltid gjort dei fullkomne som vert helga (Hebr. 10. kap.) I og ved han har Gud gitt oss utløysing frå synda, skulda, domen og døden, ved hans blod (Efes. 1, 7), forlating for syndene etter rikdomen av hans nåde som han gav oss rikeleg. Vidare har Gud gitt oss eit evig liv, som han har lagt ned i Sonen, slik at den som har Sonen, han har livet (1. Johs. 5. kap.) Sidan me nå er rettferdiggjorde ved trua (på Jesus), har me fred med Gud, ved vår Herre Jesus Kristus, han som me og har fenge tilgjenge ved til den nåden som me står i (Rom. 5, 1).

Alt dette, og mykje meir har Gud gitt oss i Jesus, for han som ikkje sparde sin einaste Son, men gav han for oss alle, korleis skulle han kunna anna enn gi oss alle ting med han. Det kjem til oss ved ordet om Jesus, og det

blir vår personlege eigedom ved å høyra, sjå det som ligg i ordet og tru og setja lit til det.

«*Tenk på dette, lev i dette, så din framgang kan bli synleg for alle, gi akt på deg sjølv og på læra, hald ved med det I for når du det gjer, skal du frelsa både deg sjølv og dei som hører deg».* (1. Timot. 4, 15-16).

Dette er løyndomen i livet med Gud. Korleis trur du det ville gå om du tenkte på Jesus og ordet, og livde i det like mykje som du ser på deg sjølv og låner øyra til det gamle menneske, til di eiga fornuft og bedragelege hjarta, som Skrifta seier er verre enn alt anna, om du høyrdé meir på Gud og hans ord enn på dine skiftande og bedragelege kjensler. Tenkjer du på og lever i Ordet og det ordet seier om Jesus, då vil det nye livet få næring og veksa, gi deg fred og frimod i trua og kraft til å vitna om Jesus og vedkjenna deg han, til frelse og fornying for deg sjølv og dei som hører deg.

Tilbake til det me byrja med, når der er høve til å vitna om Jesus. Kven ser du på då? og kven tenkjer du på? Ser du på deg sjølv og korleis du er, kjenner etter korleis du føler deg og kva du har å fara med, og lyttar til kjøtet si røyst, då kjem du nok til å teia. For lova er gitt for at kvar munn skal tagna og bli ærelaus for Gud. Men tenkjer du på Jesus og ordet, og lever du i det, og let det stå til i tru på Jesus og hans velsigning over dine fatige ord, då vil det bli til velsigning og fornying for deg sjølv og dei som hører deg. Jesus, det nye menneske i deg, vinn skikkelse i deg og får makt over deg og brukar din lekam. Då vil det gamle menneske i deg dødast og missa si kraft. «Men døyder de gjerningane åt lekamen ved Anden, så skal de leva. For alle som vert drivne av Guds Ande dei er Guds barn» (Rom. 8, 13-14).

Det er ikkje berre du som er slik, men og-

så me som er kalla til predikantar har det på same måten. Av og til, ja ofte, har eg bedt mine medarbeidarar om å hjelpe meg med å skriva i bladet. Kvar svar trur du eg får? Nei, slikt kan eg ikkje og duger eg ikkje til, svarar dei. Så sant, så sant, kven duger vel til dette, seier Skrifta. Utan meg kan de ingen ting gjera, seier Jesus, og det gjeld absolutt alle, anten me har små eller store menneskelege evner og gåver.

Endå Paulus seier at *dugleiken er av Gud*. Av naturen er me alle lik Moses, som ba seg unna Guds store kall ved å seia: Send ein annan, eg duger ikkje, for eg har så tungt for å tala. Menneske er lik til alle tider, endå predikantane i Lekmannsmisjonen, og alle som skal fylgja Guds kall for å vitna om han, me har lett for å berre rekna med oss sjølve, og ha liten tanke for han som gir menneske munn og mæle og talar igjennom det som ingenting er.

Moses gjorde store ting i tru til Gud, og det same kan me gjera i tru til han som metta dei fem tusen med lite, han som vektet opp dei døde og gav dei liv, han som gav den vesle og veike gjetarguten David siger over bjørnen og løva og den 2-3 meter høge kjempa Goliat.

Tru på Gud og tru på meg, seier Jesus. - Den som vil gjera etter Ordet, han skal få erfara at læra er av Gud. Prøv å vitna om Jesus, tenk på han og rekna med han, og den som set si lit til han, kjem aldri på skam.

Det gjeld også deg som ikkje duger til å skriva, prøv å ha tru til han som har kalla deg. Eg synest å erfara at ikkje dei som duger mest menneskeleg er dei flittigaste, men dei som har tru til Gud, og ikkje søker eiga æra.

Amund Lid.

Åndelig velsignelse

Av Øivind Andersen

Vi skal i dag stanse ved et ord fra Efeserbrevet. Vi begynner, som vi pleier, med å be til Jesus om hans nåde over samværet på denne måte gjennem eteren. Vi takker deg Jesus for ditt ord, at vi også på denne måten kan få ta imot det. Jeg ber at du vil være med oss i denne stund, Herre, at du vil legge ditt ord riktig inn i vårt hjerte, og la oss være i stand til å ta imot det og gjøre bruk av det, og få eie alt som dette ord tilsier oss. Amen.

I efeserbrevet 1, 3 leser vi i Jesu navn : - «Lovet være Gud, og vår Herre Jesu Kristi Fader, han som har velsignet oss med all åndelig velsignelse i himmelen i Kristus Jesus.» Amen.

Det er en lovprisning for noe som Gud har gitt oss i Kristus Jesus. Og hva det er, det er nesten ikke mulig å få sagt, for det omfatter alt. Skal vi forstå dette riktig, må vi i grunnen ta vårt utgangspunkt i det som sies i Guds hellige lov i Det gamle testamente. Jeg henviser til 5. Moseb. 28, og jeg siterer nokså sammentrengt og forkortet. Dersom du holder mine bud og mine lover, vil jeg storlig velsigne deg.

Det tales i det kap. om en velsignelse som kommer inn i vårt li v intil minste detalj, i alle de ting vi har med å gjøre, dersom vi holder Guds lov og Guds bud. Nå vet du at du og jeg har ikke holdt Guds lov, vi har tvert om gjort det motsatte. Og det er noe annet som også står i dette kap. som passer på oss. Dersom du bryter disse mine bud og mine lover som jeg byr deg i dag, da kommer jeg over deg og forbanner deg. Jeg er Herren.

Denne lovens forbannelse har vi fortjent, den har vi pådratt oss.

Dette var det Jesus kom for å frelse oss fra, og det har han gjort. Som vi nevnte i for-

lige lutherske time : Jesus kjøpte oss fri fra lovens forbannelse. Han tok forbannelsen bort, og så har han gitt oss noe annet i stedet, forstår du, og det er nettopp velsignelsen. Det er bare en, en eneste en, som har rett til den velsignelse som Guds hellige lov tilsier, det er ham som har holdt budene, som har gjort alt det loven krever av menneskene, og han heter Jesus Kristus. Det er bare en, en eneste en, som har rett til å leve etter Guds hellige lov, for loven sier : Gjør dette, så skal du leve, og den som har denne retten, han heter Jesus Kristus.

Nå forstår du at dette har Jesus vunnet på våre vegne. Velsignelsen, retten til å leve, har Jesus kjøpt oss med sitt blod og med sin stedfortredende oppfyllelse av loven. Jesus er blitt det vi skulle ha vært, men ikke er, liksom han har gjort det vi skulle ha gjort, men ikke kan på grunn av vår synd. Og nå åpenbarer Jesus ved Faderens høyre hånd som vår talsmann, vår stedfortreder. Og nå sier Guds ord at det som han er der ved Guds høyre hånd, det er vi overfor Gud. Det er vi som er velsignet med all åndelig velsignelse i himmelen i Kristus Jesus.

Når du spør: Kan jeg vente at Gud skal velsigne meg, da er det spørsmål om hva Jesus har gjort, det er spørsmål om ditt forhold til Jesus da. Det er ikke spørsmål om dine gjerninger, og det er ikke spørsmål om hva du har gjort.

Skal du ha velsignelsen over ditt liv, da eier du den ved troen på Jesus. Jesus har gitt deg hele velsignelsen, og den ligger ferdig for deg i ham. Og denne lovprisningen, den er gitt til mennesker som i seg selv er alt annet enn syndfri. Den kommer som en lovprisning av Faderen som har fullført dette for oss, og har velsignet oss, merk deg det, velsignet oss

med all åndelig velsignelse i himmelen i Kristus Jesus.

Vi må sammenligne dette med et annet Guds ord som er gitt oss gjennem apostelen Paulus i Kollos. 2, 9: I ham - altså i Jesus - bor hele guddommens fylde legemlig, og *I er fylt i ham*. Har du tatt imot dette budskapet, du som hører på det? Har du sett hva du har i Jesus? Har du sett at hele velsignelsen er tilstede for deg? Du som har forbrutt deg, du som har syndet, du som har gjort ille, du har fått evig liv, du har fått all åndelig velsignelse, du er fylt med hele Guds fylde i en stedfortreder, som har gitt seg selv for deg, og så forkynnes det nå av Gud at dette ligger ferdig for deg i ham. Du skal høre dette og sette din lit til det. Det er ved troen på Guds løfte at du og jeg eier dette, ved at vi hører det og ikke avviser det, ved at vi hører det for å sette vår lit til det.

Du kan ikke gjenopprette det du har forbrutt ved din synd, og det er det heller ingen som har bedt deg om, men Jesus har gjenopprettet det, jag ikke bare det, han har gjort langt utover det. Det Jesus har gjort, går i sin herlighet og rikdom langt utover det som vår elendighet er elendig, hvis du skjønner hva jeg mener. Det leser vi om i Rom. 5, 15-17, men for tidens skyld har vi ikke tid til å gå inn på det akkurat nå.

Men du skal altså være klar over at det er *Guds ord* at du er velsignet med all åndelig velsignelse i himmelen i Kristus. Og så spør jeg: Trenger du mer?

Det blir ofte sagt i dag at Gud har mer å gi. Her må vi svare: i har fått *alt* i Kristus. Vi kan ikke få mer enn Jesus, og Guds ord sier uttrykkelig: *I ham er I gjort rike på alt*. Hva vi enn kan oppleve av velsignelser i vårt daglige liv, er de en frukt av at vi eier velsignelse i Kristus Jesus. Og største velsignelsen er jo den at jeg eier Jesus, han er mitt liv, i ham er jeg gjort rik på alt, i ham er jeg fylt med hele Guds fylde, og alt det han gjelder for, det gjelder jeg for i himmelen hos Gud.

Dette er budskapet som kommer til deg gjennem dette enkle ord fra Efeserbrevets første kapittel, og fra mange andre ord også som jeg ikke har anledning til å sitere nå. Og nå spør jeg deg: Hvordan stiller du deg til et slikt budskap?

Du innser vel at du trenger det, gjør du ikke det? Hele hemmeligheten i kristenlivet er å ta imot det Gud forkynner. Hemmeligheten er ikke at du skal gå og vente på at du skal annerledes, men å høre hva Gud allerede har gitt og hva han allerede har gjort, hva som allerede ligger ferdig for oss i Guds egen Sønn, at det er Gud selv som ber oss om å regne med det, stole på det, fortrøste oss til det. Den som tror på ham skal ikke bli til skamme, står ikke bare en gang i Bibelen, men omgjen og omgjen. Så hør da dette du som tror på Jesus!

Dette er det Gud har gitt deg, og dette er det du skal rekne med i all din hjelpeøshet og fattigdom.

Men til slutt vil jeg også få sagt til deg som hører dette, og ikke er en kristen. Du har den samme rett til å tro på Jesus, som vi har som tror på ham. Vi har ikke noe fremfor deg i oss selv, og du er ikke under Guds dom fordi du har syndet, men fordi du ikke tror på Jesus. Du skal være klar over det, du som ikke er en kristen, at alt det vi som kristne taler om, alt det vi eier i Krisus, og alt det vi ved Guds nåde får lov å rose oss av iham, det har du akkurat den samme rett til som vi har. Jesus døde for deg, Jesus kjøpte også deg fri fra alle dine synder, Jesus oppfylte hele loven også i ditt sted, Jesus har altså skjenket og gitt deg alt hva du trenger for at du kan ha Guds velsignelse over hele ditt liv. Hva sier du til det? Hør det! takk Gud av hele ditt hjerte for det og sett hele ditt hjertes tillit til det! Amen.

Avskrift etter lydband fra den lutherske timen i Norea Radio, med løyve fra Andersen og Norea.

Bønnens arbeid

Av Ole Hallesby

Bønnen om vekkelse.

Endelig har vi bønnen for de *uomvendte*. Denne del av bønnens arbeid er kanskje den vi best forstår og tar opp. Hos de fleste troende er det jo en lengsel etter *vekkelse*. - Trangen til å se sjeler frelst er det drivende moment i nesten all kristelig virksomhet i våre dager. Vekkelsen står for så vidt alltid på dagsordenen nå. Det tales meget om å få vekkelse. Det gjøres også meget for det. Ja, det bes heller ikke så lite om det.

Derfor ser vi også at Gud av og til kan sende vekkelse.

Men det er likevel noe her som skulle mane oss til ettertanke, særlig med hensyn til vår bønn. For det første vil jeg nevne dette at vekkelsene er så sjeldne. Som regel går det årtier mellom vekkelsene i bygdene og byene. Dernest vil jeg nevne at vekkelsene også vanligvis er meget lokalt begrenset og små. Endelig vil jeg nevne at de ofte representerer liten åndelig kraft. Ikke så å forstå at det mangler krefter. Det er ofte en voldsom, nesten brutal kraft til stede. Men det viser seg ofte, særlig etter vekkelsen, at det var meget menneskekraft og lite gudsraft i virksomhet.

Og grunnen til alt dette er den at vårt bønnearbeid sviktes.

Vi lengter etter vekkelse, vi taler om vekkelse, vi arbeider for vekkelse, ja ber også litt om vekkelse. Men vi går ikke inn i det bønnens arbeid som er den egentlige forberedelse for enhver vekkelse.

Mange av oss misforstår Åndens arbeid med de *uomvendte*. Man tenker seg at dette arbeid vesentlig er begrenset til vekkelsestidene. I mellomtiden mener man at de *uomvendte* ikke egentlig er gjenstand for noen påvirking fra Gud.

Men dette er en fullstendig misforståelse. Ånden arbeider uten avbrytelse under vekkelsene og mellom vekkelsene, selv om hans arbeid er forskjellig, og dermed også virknigen i sjelene.

Dette Åndens arbeid ligner mineringsarbeid. Ånden skal spreng i stykker synderens harde hjerte og lettsindige motstand mot Gud. Vekkelsen blir å ligne med den tid da mineskuddene avfyres. Tiden mellom vekkelsene svarer derimot til den tid da de dype hullene møyssommelig bores i det harde fjellet.

Å bore disse huller, er et hardt vanskelig og tålmodighetsprøvende arbeid. Å tenne lunten og avfyre skuddene er både et lett og interessant arbeid. Da ser man virkelig «resultater» av sitt arbeid. Det vekker oppsikt, skuddene smeller, og steinen spruter lange veier.

Det skal øvede folk til å bore. Lunten derimot kan hvem som helst tenne.

Fra dette utsiktpunkt faller det et skarpt lys over vekkelsenes ellers så merkelige, ja uforståelige historie.

Det er nok av folk som vil tenne lunten. Vi vil alle gjerne være vekkelsespredikanter. Ja, enkelte er endog så ivrige at de tenner lunten før det finnes noe hull eller noe sprengstoff. Og så blir «vekkelsen» deretter: et lite fyrverkeri!

Under vekkelsen er vår omsorg for sjelene så store at vi alle er i aktivitet. Ja, enkelte er så aktive at de nesten er en fare for sine omgivelser under et ettermøte. Men når vekkelsen har lagt seg og de dagligdagse, kanskje tørre tider igjen kommer, da er omsorgen og aktiviteten forsvunnet hos de fleste.

Men da er det Ånden kaller oss til det stille, vanskelige, tålmodighetsprøvende arbeid, ved vår daglige og utrettelige bønn å bore helig sprengstoff inn i de *uomvendte* sjeler. Og når det vanskelig varer så lenge mellom vekkelsene, så er grunnen ganske enkelt den at Ånden ikke finner noen av de troende som vil ta opp dette tunge mineringsarbeid.

Vekkelse vil vi alle ha, men å bore hullene i det harde fjellet vil vi høgst at de andre skal gjøre.

Det finnes, Gud skje lov, i bygd og by, enkelte som tar opp dette tålmodighetsprøvende arbeid. Herren glede deg og lønne deg, bror og søster! Men fremfor alt, må han gi deg *utholdenhets* i din hellige tjeneste.

I denne forbindelse vil jeg si et par ord også om *måten* vi best bør innrette vår bønn om vekkelse.

Får bønnens ånd gi oss virkelig omsorg i hjertet, så vil vi være med og be om vekkelse i dette ords videste mening: en *verdensvekkelse*. For vi ser jo at det er dette verden nå trønger mer enn noe annet. Ja, mange av oss spør visst i rådvillhet: hvor bærer det hen med forbitret klasehat og klassekamp, med den stadig stigende rovgriske kamp mellom nasjonene om penger og makt, den hemmelige kapprustning mellom stormaktene, den private og offentlige forakt for Guds lov og Guds evangelium? Hvor bærer dette hen, hvis det ikke kommer en vekkelse så vid og almen at den hemmer synden i alle verdensdeler og gir evangeliet nye arbeidsmuligheter i den lett-sindige og frekke slekt som i dag befolkjer vår jord?

Bønnen om vekkelse vil, ut fra vår næværende nød, samtidig forme seg som bønn om en *landsvekkelse*. Folkets liv er et levende hele og henger sammen fra den ene landsende til den annen. Mammonstreldom, dansegalskap, fornøyelsessyke, usedelighet, drukkenskap og forakt for Guds ord er synder som holder på å gjennomsyre hele folket, i bygd og by, fra øverst til nederst. Skal denne usalige utvikling stanses så folket ikke synker ned i gudsfornekelse, rasjonalisme eller tvil, så øyner vi intet annet redningsmiddel enn en stille, sterk og sunn vekkelse som kunne nå alle lag i folket i hver bygd og by.

Men denne omfattende bønn om vekkelse må alltid være underbygd av bønn om vek-

kelse i vår grend, i vår by. Også her gjelder det å «begynne fra Jerusalem». I denne innerste ring er det at hver enkelt av oss har sitt største ansvar. Og først ved å være tro her, settes vi av Ånden over større og videre bøn-neoppgaver.

